



STORTINGET

Innst. 67 L

(2018–2019)

Innstilling til Stortinget
fra familie- og kulturkomiteen

Prop. 99 L (2017–2018)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om Endringer i kulturminnelova (kven er rette mynde etter lova)

Til Stortinget

Sammendrag

Klima- og miljødepartementet legg i proposisjonen fram forslag til endringer i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 28, heretter kalla kulturminnelova. Endringsforslaget heng saman med regionreforma, som inneber at det skal overførast ytterlegare mynde til fylkeskommunane.

Bakgrunnen for lovforslaget

Stortinget har slutta seg til at førstelineoppgåver på kulturminneområdet skal overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1. januar 2020.

Departementet har følgd opp dette ved å utarbeide forslag til ny forskrift om mynde mv. etter kulturminnelova. Forskrifta skal tre i kraft 1. januar 2020, og gjeldande forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven 9. februar 1979 nr. 8785 vil samstundes bli oppheva.

Ny forskrift vil mellom anna innebere at fleire førstelineoppgåver blir overførte frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Kulturminnelova § 28 heimlar i dag ikkje overføring av mynde for alle paragrafane i lova. Endringa av kulturminnelova § 28 første ledd er ein føresetnad for å kunne vedta forskrifta, og for den planlagde overføringa av mynde til fylkeskommunane.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Trond Giske, Kari Henriksen og Anette Trettebergstuen, fra Høyre, Monica Carmen Gåsvatn, Marianne Haukland og lederen Kristin Ørmen Johnsen, fra Fremskrittspartiet, Silje Hjemdal og Morten Wold, fra Senterpartiet, Åslaug Sem-Jacobsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Freddy André Øvstegård, fra Venstre, Grunde Almeland, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til den fremsatte proposisjonen om endringer i kulturminneloven og merker seg at departementet anser endringen for å være av teknisk karakter. Av den grunn er det heller ikke avholdt høring.

Komiteen viser til at det allerede i dag framgår av kulturminneloven § 28 første ledd at Kongen fastsetter hvem som er rette myndighet i medhold av §§ 3, 4, 5, 6, 8, 9, 11, 13, 14, 15, 15a, 16, 17, 18, 21, 23, 23 c og 25. Endringsforslaget innebærer tilføyelse av §§ 10, 19, 20 og 22 i opplistingen. Dette må ses i sammenheng med regionreforma, der flere oppgaver, i dette tilfellet kulturminner, skal overføres til fylkeskommunane.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at Stortinget har slutta seg til regionreforma og har gjennom dette avgjort at førstelineoppgåver på kulturminneområdet skal flyttast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1. januar 2020. Dette går fram av Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver, jf. Innst. 377 S (2015–2016) og Prop. 84 S (2016–2017) Ny

inndeling av regionalt folkevalgt nivå, jf. Innst. 385 S (2016–2017).

Fl e i r t a l e t strekar under at formålet med lova er å leggje til rette for overføring av mynde frå statleg til fylkeskommunalt nivå, som ledd i regionreforma på kulturminneområdet.

K o m i t e e n slutter seg til lovforslaget i proposisjonen.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råder Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringar i kulturminnelova

I

I lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner blir følgende endring gjort:

§ 28 første ledd skal lyde:

§ 28. Rette myndighet etter loven

Kongen fastsetter hvem det er som er rette myndighet i medhold av §§ 3, 4, 5, 6, 8, 9, 10, 11, 13, 14, 15, 15a, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23, 23c og 25.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 20. november 2018

Kristin Ørmen Johnsen

leder

Åslaug Sem-Jacobsen

ordfører